

Notat

Dykkar dato: Vår dato: 01.12.2021
Dykkar ref: Vår ref: 2021/608 -
Arkiv: 13236/2021
Sakshandsamar: 150
Trond Salmo

Til:
Kommunestyret

Rådmannen sine kommentarar til formannskapet si innstilling

1. Generelt

Formannskapet si føreslegne budsjett medfører ei tydeleg prioritering av oppvekst-sektoren i heile økonomiplanperioden; for å heller vurdera tiltak knytt til skulestruktur i samband med rullering av skulebruksplanen.

Prioriteringa medfører at oppvekst-sektoren vert skåna for dei tyngste ressursreduksjonane, medan reduksjonane i helse og omsorgssektoren vert gjennomført. Det medfører eit auka press på den etaten som allereie er hardast pressa, med omsyn til tidlegare kutt, varierende brukarbehov, bemanningsutfordringar, sjukefråvær og pandemi.

Formannskapet si prioritering av oppvekst-sektoren er motsett av den demografi-drivne omstillinga som rådmannen tilrår. Prioriteringa medfører at utfordringa med omstillinga veks.

2. Korrigering og merknadar

I «Rådmannen sine svar til ordførar» av 22.11.21 punkt 4 om sumaropen barnehage er det ved ein inkurie oppgitt for låg kostnad. I svaret vart det estimert ein samla kostnad på om lag kr 250 000,- for å ha fire veker med sumaropen barnehage. Det riktige estimatet er kr 500 000,-.

Nasjonal smitte- og vaksineringsstatus har endra seg sidan budsjettet vart framlagt; det vert no lagt opp til ein tredje dose for alle over 18 år våren 2022. Massevaksineringa har vore utført som eit samarbeid mellom helserådgjevar og helsestasjonen. Helsestasjonen er allereie på etterskot i høve andre arbeidsoppgåver, og helserådgjevar er frå 2022 tiltenkt ei sentral rolle i eit viktig omstillingsarbeid og rekruttering ny kommuneoverlege.

I rådmannen sitt forslag til budsjett er det ikkje satt av særskilte midlar til fortsett vaksinerings i 2022. Rådmannen vil derfor gjera merksam på det passive tiltaket med høgast prioritet i oppvekst og kultur, 50 % stilling som helsesjukepleiar, kr 198 866,- . Regjeringa lovar at alle utgifter til vaksinerings skal dekkast.

Rådmannen tilrår at tiltaket vert innarbeidd i budsjettet 2022, finansiert med øyremerkte tilskot:

Helsestasjon	2022
Løn	198 866,-
Tilskot	- 198 866,-

Vedtaka i sak Budsjett 2022 og ØPL, Plan for idrett- og friluftsliv 2022-2025 og seinare Skulebruksplanen er premissgjevande for administrasjonen sitt arbeid. Sakene omhandlar fleire av dei same tiltaka på drifts- og investeringstiltaka, og det er difor viktig at vedtaka vert harmonisert. Det vert her særskilt vist til den samla tiltakspakken med endring skulestruktur og investering gymsal Rimbareid og Øvrebygda arena.

3. Kommenterar til formannskapet si innstilling

To tidlegare politiske vedtak er ikkje er innarbeida i budsjettet:

- a. Formannskapet sak 93/21 – Fitjar kommune tek imot LIS1-lege på fast basis

2022	2023	2024	2025
190 000,-	190 000,-	190 000,-	190 000,-

- b. Formannskapet sak 90/20 – Spleiselag for drifta av Sunnhordland vassområde 2021 – 2027

2022	2023	2024	2025
22 000,-	22 000,-	22 000,-	22 000,-

Andre moment:

- c. Presisering av skatteinngang

Formannskapet vurderer lokal skatteinngang til å bli (netto) 500 000,- høgare enn rådmannen. Det vil krevja vel 4,65 mill. meir i skatteinngang. Budsjettendringa vert då slik:

	2022	2023	2024	2025
Skatteinngang	- 4 654 000,-	- 4 654 000,-	- 4 654 000,-	- 4 654 000,-
Inntektsutjamning	4 154 000,-	4 154 000,-	4 154 000,-	4 154 000,-

- d. Tilskot barnevernsreform – særskilt fordeling

Denne ordninga skal vara i 3 år (2022 - 2024), slik at tilskotet for 2025 fell bort.

- e. Presisering om tiltak 19 og 20

Rådmannen kan ikkje sjå at det er søkt om tilskot til domene/heimeside til Visit Fitjar eller vedlikehald kolerakyrkjegard gjennom den ordinære budsjettprosessen. Det er uheldig.

4. Budsjettavtale på Stortinget

Regjeringa har ikkje presentert endringar på kommunenivå som følgje av budsjettavtalen med SV. Dersom dette blir klart innan kommunestyret, vil rådmannen formidle denne informasjonen.

Rådmannen har tolka lista som er presentert som budsjettavtalen, og funne to endringar i drift som verkar inn på budsjettet:

- a. Gratis kjernetid SFO for førsteklassingar frå hausten 2022. KS forventar at bevillinga i avtalen vert fordelt etter kostnadsnøkkel for grunnskule. Førebels berekning av endringa vert:

	2022	2023	2024	2025
Mindreinntekt SFO	205 000,-	455 000,-	455 000,-	455 000,-
Rammetilskot	- 455 000	- 1 000 000,-	- 1 000 000,-	- 1 000 000,-

- b. Fjerne avkorting av barnetrygd i sosialhjelpa er lagt inn med verknad frå 1. september. Dette nasjonale tiltaket er likt formannskapet sitt forslag pkt. 16, men med anna verknadstidspunkt. Ekstraintekta fordelt etter kostnadsnøkkel for sosialtenesta vert:

	2022	2023	2024	2025
Rammetilskot	- 75 000,-	- 225 000,-	- 225 000,-	- 225 000,-

Dersom kommunestyret ynskjer å endre verknadstidspunkt frå 1. januar til 1. september, vil mindrekostnaden i 2022 bli 166 000,-.

Med helsing

Svein Dale Soleng
Konst. rådmann

Trond Salmo
økonomisjef